



Årsmøtepapir

Tekna Sogn og Fjordane avdeling

Årsmøte i Loen
11.februar 2023



Saksliste for årsmøtet

- 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden**
- 2. Val av ordstyrar, referent og to personar til å underteikne protokollen**
- 3. Årsmelding for 2022**
- 4. Rekneskap for 2022**
- 5. Prioriterte oppgåver for 2023**
- 6. Kontingent for 2024**
- 7. Budsjett for 2023**
- 8. Vedtektsendringar**
- 9. Evt. innmelde saker**
- 10.Val**



Årsmelding Tekna Sogn og Fjordane avdeling 2022

Årsmøtet 11.02.2023

Avdelingsleiaren har ordet

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har hatt eit nytt aktivt år med eit velfungerande og mangfaldig styre og god støtte frå distriktskontoret ved Ellen Hauge.

Digitale styremøte er den nye normalen. Vi har korte styremøte under timen på Teams ca ein gong i månaden. Det har fungert godt. Vi samle styret til eit fysisk julemøte med god mat på Gloppen hotell. Også nasjonale møte er digitale, men i år har eg som leiar reist på eit møte i Oslo og. Då fekk eg presentere vår aktivitet. Familiedag på ViteMeir og årsmøtehelg i Loen og stand på Framtidsfylke i Bergen var personlege høgdepunkt i 2022. Berekraft er høgt på agendaen til Tekna, saman med digitalisering. Det var kjekt å få fortelje om oss i Tekna Magasinet 20.oktober¹ og på Avdelingsleiarsamling 2022 i Oslo.

Samfunnsmidlar-ordninga til Tekna vart også i 2022 ein stor ressurs for oss. I 2022 søkte vi om og fekk tildelt midlar til nye installasjonar på ViteMeir, stand på Framtidsfylke-messa i Bergen, familiedag og Reodorklubben Høyanger. Det siste måtte vi diverre levere attende då Reodorklubben ikkje rakk å tinge i 2022. Men det er aktuelt å prøve att i 2023. Vi har fått innvilga to prosjekt for 2023: Framtidsfylke-stand og nye installasjonar hjå ViteMeir sitt Sophus Lie -område. Etter årsmøte fann vi diverre ut at installasjons- tildelinga i 2022 var noko lågare enn omsøkt. Men totalt har vi bidrege godt til realiseringa av dette verktøyet for mobilisering til realfaga.

Avdelinga har eit underskot i 2022 i hovudsak grunna langt større årsmøtedeltaking enn venta. Dette ser vi i styret på som ei investering og som bruk av overskotsmidlar etter eit par år når årsmøta har vore digitale grunna korona. Men vi tek grep for å sikre at budsjett 2023 går i balanse. No håpar eg årsmøte vil godkjenne budsjettet vi legg fram der nødvendig eigeninnsats til vidare satsing er inkludert.

Øyvind Heimset Larsen

Leiar Tekna Sogn og Fjordane avdeling

Sogndal, 24. januar 2023

¹ <https://www.tekna.no/magasinet/Vi-deltek-gjerne.-digitalt-i-staden-for-a-ta-flytuern/>

Innholdsliste


1.	Innholdsliste	3
2.	Medlemmane	4
	Innleiing	4
	Alders- og kjønnsfordeling	5
	Bustad	6
	Arbeidsstad	6
3.	Styret og tillitsvalde	7
	Avdelingsstyret	7
	Valkomiteen	8
4.	Avdelinga sine aktivitetar	9
	Innleiing	9
	Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad	9
	Auka rekruttering til Tekna-faga	9
	Attraktive faglege og sosiale nettverk	10
	Aktive medlemmer, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde	10
	Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring	10
	Berekraftig samfunn	10
5.	Økonomi	11
	Innleiing	11

2. Medlemmane

Innleiing

Tekna Sogn og Fjordane avdeling vert utgjort av Tekna sine medlemmar i 24 av 26 kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Årdal har eiga avdeling. Avdelinga har eit ansvar for at foreninga sine aktivitetar vert oppretthaldne og utvikla lokalt.

Per 31.12.2022 hadde avdelinga 627 medlemmar, mot 613 året før. Det er ein medlemsvekst på 2.3 %. Det er ok. Tekna hadde i 2022 ein generell medlemsvekst på blant ordinære medlemmar på 6.7 % til over 99 tusen. Avdelinga fekk netto 14 nye medlemmar. 27 vart nyinnmeldt, 17 melde overgang og 22 flytta inn. 40 flytta ut og 12 mista vi grunna avgang (utmelding, stryking og bortgang) , Avdelinga har hatt vekst i medlemstal dei siste åra og har samarbeid godt med Tekna avdeling Årdal.




Alders- og kjønnsfordeling

30,1 av avdelinga sine medlemmar er kvinner. Snittalderen i avdelinga er 44,8 år. 38,1 prosent av alle medlemmar i avdelinga er 37 år eller yngre.

Kjønn	Tal medlemmar	Del medlemmar
Kvinne	189	30,1 %
Mann	438	69,9 %
Sum	627	100,0 %

Aldersfordelingen blant avdelingen sine medlemmar er som følgjer:



Bustad

Nedanfor er ei oversikt over dei største kommunane der medlemmar er busett:

Kommune	Tal medlemmar	Del medlemmer
SOGNDAL	186	29,7 %
GLOPPEN	40	6,4 %
STAD	37	5,9 %
LUSTER	34	5,4 %
STRYN	24	3,8 %
Andre kommuner	306	48,8 %
Sum antall medlemmer i avdelingen	627	

Arbeidsstad

90,3 prosent av avdelingen sine medlemmar er yrkesaktive. Dei yrkesaktive i avdelingen jobbar i følgjande sektorar:

Sektor	Tal medlemmar	Del medlemmer
Privat	344	60,8 %
Stat	108	19,1 %
Kommune	93	16,4 %
Utenlands bedrift	0	0,0 %
Har ikke arbeidssted	21	3,7 %
Sum	566	100,0 %

3. Styret og tillitsvalde

Avdelingsstyret

Styret i avdelinga har i 2022-2023 vore samansett av følgjande:

Namn	Verv	Arbeidsstad
Øyvind Heimset Larsen	Leiar	Vestlandsforskning
Merete Nerland	Nestleiar	Stad kommune Brann, Redning og Førebygging
Lars Laache	Styremedlem	Åsen & Øvrelid AS
Beate Kvalsund	Styremedlem	Norconsult AS Avd Sogndal
Jannicke Holmseth Bukve	Styremedlem	Høgskulen på Vestlandet Sogn og Fjordane - Sogndal
Knut Welle	Kasserar	Førde Sementvare AS
Ellen Hauge	Observatør	Tekna - Teknisk-naturvitenskapelig forening

Årsmøtet i Tekna Sogn og Fjordane avdeling for 2021 vart halde i Loen og digitalt via Teams den 12.02.2022. Dette var det første hybride årsmøte vi har gjennomført. Og med veldig god fysisk deltaking.

Styremøte

Det er i 2022 halde sju styremøte. Alle møte utanom julemøte er blitt gjennomført digitalt som videomøte. Det har vore godt oppmøte og effektiv gjennomføring. Ellen Hauge har vore observatør på dei fleste møta. Eit klassisk julemøte vart gjennomført på Gloppen hotell den 11.november. Nok ei fin oppleving og eit godt møte der vi evaluerte innsats og resultat gjennom året og såg framover.

Sentrale møte

- «Åpent møte: Revisjon av foreningspolitiske mål» 10. mars digitalt. Leiar deltok

- «Teknas medlemsfordeler og rollen som tillitsvalgt» 31.mars digitalt. Styret deltok
- «Bærekraft i Teknas avdelinger» 4.mai digitalt. Leiar deltok
- Avdelingsleiarmøte og Tekna Ung Landssamling 21.–22. oktober i Oslo. Leiar deltok.
- Dialogmøte med hovedstyret i Tekna 8.november digitalt. Leiar deltok

Teknisk plattform

Teams-plattformen er både møte og dokumenthåndteringssystem for sikker og varig lagring av styredokument til ettertida, men vi har enno også tilgang på tekna.no.

Vurdering av arbeidet

Konklusjonen på vår eigenevaluering i julemøte er at styret fungerer godt og ser seg nøgd med eigen innsats og med utviklinga for Tekna Sogn og Fjordane avdeling og våre satsingar. Vi meiner måla i handlingsplanen er nådde og ønskjer å halde fram med eit fokus på det vi ser som kjerneaktivitetar. Vi tek grep for å sikre budsjett i balanse framover. Vi har godt med aktivitetar, som alle har vore vellukka, og vi har vore godt synlege som lokallag nasjonalt i 2022. Mellom anna var vi blant sju utvalde avdelingar som presenterte seg i Tekna Magasinet i oktober 22 der tema var berekraft, og vi var blant dei fire av lokallaga som blei utfordra på å fortelje om kva lokallaget driv med på Avdelingsleiarmøte og Tekna Ung Landssamling. Vi fortalde om samarbeidet vårt med vitensenteret ViteMeir. Tekna- president Lars Olav Grøvik innleia samlinga med å vise nokre av sine høgdepunkt frå han tok til. Eit av to bilde og høgdepunkt var om oss og vi vart også framheva som godt døme av komiteen for Samfunnsmidlar.²

Valkomiteen

Valkomiteen i avdelinga har i 2022-2023 vore samansett av følgjande:

Namn	Verv	Arbeidsstad
Leif Gabriel Kapstad	Valgkomiteen sin leiar	Eviny AS Avd Førde
Eli Nummedal	Valgkomite-medlem	Høgskulen på Vestlandet Sogn og Fjordane - Førde

I tillegg valde årsmøte for 2022 Silje Vassbotn som medlem. Etter dialog med ny arbeidsgjevar om roller gjekk ho av valnemnda tidleg våren 2022.

² <https://www.tekna.no/aktuelt/samfunnsmidler/>

4. Avdelinga sine aktivitetar

Innleiing

Avdelinga sine aktivitetar/tiltak er presentert med utgangspunkt i målsettingane i Tekna sine overordna strategi, Tekna 2024.

2022 vart eit aktivt år for lokalavdelinga. Totalt har det vore 200 oppmøtte deltakarar på 7 gjennomførde avdelingsarrangement og 12673 påmelde på digitale arrangement vi er med å spleisar på. Vi slapp å avlyse noko møte. Deltakinga meiner vi var god og ein auke frå 2021.

Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad

Dato	Kursnamn	Hovedtype	Tal påmelde
2022-22-03	Stand på Framtidsfylke-messe i Bergen.	Oppmøte	Mange -60 stands

Auka rekruttering til Tekna-faga

Dato	Kursnamn	Hovedtype	Tal påmelde
2022-09-03	Familiedag på ViteMeir	Oppmøte	86
2022-12-01	Kjemisk juleverksted	Digital	242
Totalsum			328

I tillegg kjem prosjektsatsing Samfunnsmidlar til Sophus Lie-arealet på ViteMeir

Attraktive faglege og sosiale nettverk

Dato	Kursnamn	Hovedtype	Tal påmelde
2022-10-17	Peiling på tydelighet med Fenriken – samling i Sandane	Oppmøte	13
	Peiling på tydelighet med Fenriken - samling på Nordfjord Hotell	Oppmøte	19
Totalsum			32

I tillegg kjem digitale arrangement vi er med å spleisar på.

Aktive medlemmer, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde

Dato	Kursnamn	Hovedtype	Tal påmelde
2022-02-12	Årsmøte i Tekna Sogn og Fjordane avdeling Hybrid		45
Totalsum			45

I tillegg kjem:

- Styresamling i Gloppen.
- Avdelingsleiarmøte 2022. Der vi hadde innlegg om vårt samarbeid med ViteMeir,
- Hovedstyrets dialogmøte og andre sentrale Tekna-møte for styret.
- Samarbeid med Årdal avdeling.

Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring

Dato	Kursnamn	Hovedtype	Tal påmelde
2022-09-21	Gi f... kurs for flinke piker (og gutter)	Oppmøte	21
2022-09-22	Gi f... kurs for flinke piker (og gutter)	Oppmøte	16
Totalsum			37

Berekraftig samfunn

Dato	Kursnamn	Hovedtype	Tal påmelde

Leiar i avdelinga bidrog med intervju om berekraft i Tekna Magasinet i oktober.

5. Økonomi

Innleiing

Avdelinga har eit underskot på om lag 95.000,- i 2022. Det var budsjettert med eit underskot på 25.000,-. Meirforbruket skuldast i hovudsak kostnader med gjennomføringa av årsmøtet på Hotell Alexandra. Det vart om lag dobbelt så stort oppmøte som ved tidlegare arrangerte årsmøter. Det vart budsjettert med ein kostnad på 60.000,-, medan den reelle kostnaden blei om lag 124.000,-.

Styret ser på underskotet som ei investering og som bruk av oppsparte overskotsmidlar etter Covid-19, og noko som har komt medlemma våre til gode. Men det er tatt konkrete grep for å sikre at årets budsjett kjem i balanse.

Til tross for eit underskot i 2022 er den samla behaldninga på kontoane våre tilfredstillande. Og vi har også i 2022 fått innvilga store søknadar om samfunnsmidlar, blant anna 24.000,- til Tekna-stand på Framtidsfylket sin rekrutteringsdag i Bergen. Vi ynskjer fortsatt å nytte våre resurssar som eigeninnsats i søknader om samfunnsmidlar på tiltak som støttar opp om handlingsplanen, samt å arrangere attraktive årsmøter og samlingspunkt som styrkar vårt lokallags-demokrati.



Tekna – Teknisk-
naturvitenskapelig forening
Postboks 2312 Solli
0201 Oslo

www.tekna.no
Org.nr 971 420 782
post@tekna.no
+47 22 94 75 00

Tekna Sogn og Fjordane avdeling

Tekna Sogn og Fjordane avdeling har eit ansvar for at foreininga si aktivitet vert oppretthalde og utvikla i avdelinga. Prioriterte oppgaver baserer seg på Tekna sin overordna strategi *Tekna 2024*, Tekna sin handlingsplan, Tekna sine foreningspolitiske mål og Tekna sitt verdigrunnlag.

1. Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad

Prioriterte oppgaver:

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil profilere Tekna ved å delta på stand på Framtidsfylke sitt arrangement i Bergen 1.februar

2. Auka rekruttering til Tekna-fag

Prioriterte oppgaver:

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere familiedag på ViteMeir
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil bidra til gjennomføring av det tredje samfunnsmidlar-prosjektet på ViteMeir og søkje om nye samfunnsmidlar-prosjekt som støttar rekruttering

3. Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde

Prioriterte oppgaver:

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arbeide for gode digitale arrangement og kurs
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arbeide for informasjon til medlemmane med eiga heimeside under Tekna.no, Facebook og e-post og SMS via Tekna sentralt og distriktskontor
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere årsmøte med overnatting på attraktive hotell eller digitalt om det er naudsynt.
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil bidra til regionalt avdelingssamarbeid. Samarbeide med Årdal avdeling i samband med ulike arrangement på begge sider.
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil delta på Tekna sine nasjonale arrangement.
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere eit fysisk julemøte for styret

4. Attraktive faglege og sosiale nettverk og relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring

Prioriterte oppgaver:

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere medlemskurs i regi av Tekna Sogn og Fjordane avdeling og Tekna sentralt om det vert mogeleg.
- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil arrangere sosiale samlingar om det vert mogeleg

5. Berekraftig samfunn og trygge rammer i næringslivet

Prioriterte oppgaver:

- Tekna Sogn og Fjordane avdeling vil bidra til berekraft med digital møtegjennomføring og å søkje samfunnsmidlar-prosjekt som viser at vi tek vårt samfunnsansvar på alvor.

BUDSJETT FOR TEKNA SOGN OG FJORDANE AVDELING 2023	
Budsjettet for 2023 er tilpassa avdelinga sine prioriterte oppgåver.	
Inntekter	Budsjett 2023
Avdelingskontingent	76 600,00
Tilskot (søknader/sponsing)	25 000,00
Eigenandel arrangement	25 000,00
Renter	500,00
Sum inntekter	127 100,00
Kostnadar	Budsjett 2023
Medlemsvekst og auka organisasjonsgrad	30 000,00
Auka rekruttering til Tekna-faga	25 000,00
Attraktive faglege og sosiale nettverk	-
Aktive medlemmar, engasjerte frivillige og gode tillitsvalde	52 000,00
Relevant kompetanse for eit arbeidsliv i endring	1 500,00
Berekraftig samfunn	-
Trygge rammer i arbeidslivet	-
Drift av avdelinga, inkludert styremøte	15 000,00
Diverse kostnadar	50,00
Disponibelt	-
Sum kostnadar	123 550,00
Balanse for 2023	3 550,00